



Prosjektmandat

Prosjektnr	Namn	Saknr
	Helsehus – Innhald Lindås kommune	15/3215
Prosjektfase		
Organisering		
Politisk styringsgruppe: Levekårutvalet		
Administrativ styringsgruppe: Rådmannsteamet		
Prosjektansvarleg: Rådmann Ørjan Raknes Forthun		
Prosjektgruppe: Kommunalsjefane Leni Dale og Kristin Moe (PL), einingsleiarane Kari Fanebust, Reidun Sæbdal, Bernt Fjordheim, leiar PPT Bodil Rossnes, kommuneoverlege Terese Folgerø, lege Tove Legernes, driftsleiar Legevakt Erna Fosse og tillitsvald.		
Referansegruppe: Eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet. Fleire?		
Bakgrunn og forankring		
Kommunane i Region Nordhordland har vedteke å etablera Region Nordhordland Helsehus IKS og gitt tilslutning til å byggja eit Region – og helsehus i Knarvik.		
Lindås kommune har gjort følgjande vedtak om kva tenester som skal inn i helsehuset (Kommunestyre sak 60/13):		
<ul style="list-style-type: none">• Barnevern, PPT, helsestasjon i Knarvik• Base for heimetenesta, tenesta for funksjonshemma, bestillarkontoret og tenesta psykisk helse/rus samt helseeininga sin administrasjon• Fysioterapi/ergoterapitenester• Heildøgns korttids plassar		

Hovudmål

Innbyggjarane i Lindås kommune skal få eit betre tilgjengeleg og meir samordna helsetilbod. Dette gjeld både utvalde somatiske tilbod og psykiatri.

Resultatmål/delmål

- Kartlegging av samarbeidsrelasjonar og synergjar både internt i Lindås kommune og mellom Lindås kommune og andre aktørar som skal inn i helsehuset.
- Rom- og funksjonsprogram for de tenestene Lindås kommune skal ha i helsehuset.
- Innspel til konkuransegrunnlag.
- Utvikle og etablere nye samarbeidsformar som utnyttar potensial for faglege synergjar i nytt helsehus.
- Inngå leieavtale med Region Nordhordland Helsehus IKS

Effektmål/delmål

- Betre tilgjenge for utvalde somatiske tenester for innbyggjarane i Nordhordland.
- Fagleg samordna og effektive pasientforløp.
- Faglig samordna tilbod til barn og unge og vokse.
- Lokale som er betre tilpassa tenestene.
- Reduksjon av samla behov for fellesareal.
- Utvikling av ytterlegare effektmål må vere ein del av sjølve prosjektet.

Avgrensingar:

- Prosjektet skal ivareta Lindås kommune sine interesser som framtidig leietakar i helsehuset.
- Region Nordhordland Helsehus IKS har ansvar for aktivitetane i sjølve byggjeprojektet.
- Vurderingar kring den vedtekne oppgåveporteføljen ligg utanfor prosjektet. Det ligg til rådmann å gjere desse vurderingane.
- Valde løysingar må ligge innanfor vedtekne rammer i økonomiplan 2015-2018.
- Eventuelle endringar knytt oppgåveportefølje og økonomi skal handsamast politisk med endeleg vedtak i kommunestyret.

Framdrift:

Må samordnast med Region Nordhordland Helsehus IKS sin framdriftsplan.

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.10	20.03.15	Dokument etablert	Ørjan Raknes Forthun
0.20	16.04.15	Til handsaming i administrativ styringsgruppe	Ørjan Raknes Forthun
0.30	26.08.15	Endring deltaking prosjektgruppe, prosjektleiar	Kristin Moe